



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Marta Havre, 5557 2211

Vår dato
19.06.2017
Dykkar dato
02.05.2017

Vår referanse
2017/895 730
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tilskot - Kommunale til kompetanse og innovasjonstiltak 2017

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post med utlysningsbrev dagsett 07.03.2017, samt kommunen sin søknad av 02.05.2017.

Tilskotet skal stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunanes eigen prioritering. Vi vil gjere merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til inventar/utstyr i samband med innovasjons søknadar.

Tildeling av tilskot for 2017

Fylkesmannen tildeler samla tilskot på 650 000 kroner til Radøy kommune til kompetanse- og innovasjonstiltak. Sjå vedlagt vedlegg.

Reglar for klagebehandling

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, sjå forvaltningslova § 28.

Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har mottatt utfyldt stadfestingsskjema, sjå vedlegg.

Fyll ut og send vedlagte stadfestingsskjema til fmhopostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell disponering til andre formål kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løvvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt sokjast overført til neste års budsjett.

Rekneskap for tilskotet skal førast separat, skilt frå den kommunale rekneskapen, til dømes med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane vert brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løvvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet vart mottatt.

Krav til rapportering på at mål er nådd

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendast oss elektronisk, og rapporteringsskjema finn ein på våre nettsider. Det skal fyllast ut to rapporteringsskjema, eit skjema for hele tilskotet og eit Excel ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2017
- For innovasjonsprosjekt er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- For innovasjonsprosjekt er det krav til revisorkontroll når tilskotet er på meir enn kr 100 000

Frist for rapportering er 01.03.2018. E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Ytterlegare krav til rapportering

Forskningsrapportar og anna dokumentasjon frå innovasjonsprosjekt under denne tilskotsordninga skal sendast:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, postboks 191, 2802 Gjøvik
E-post: [kommunikasjon @ omsorgsforskning.no](mailto:kommunikasjon@omsorgsforskning.no)

Med helsing

Sjur Lehmann

ass. fylkeslege/seksjonsleiar helse

Marta Havre
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Regelverk
 Stadfestingsskjema
 Tilskotsoversikt

Kopi til:
Mette Fauskanger